


Nils Kvamme

Rapport frå skjøtselsarbeidet i  
Stølsheimen landskapsvernområde  
2023



- |                            |                   |
|----------------------------|-------------------|
| 1. Brydalen                | 8. Vatnane        |
| 2. Børkestølen             | 9. Hest           |
| 3. Galden                  | 10. Negarstølen   |
| 4. Smørklepp/Fidnasselbøen | 11. Aosli         |
| 5. Finnabotn               | 12. Åsedalen      |
| 6. Ytstestølen             | 13. Hallsetdalen  |
| 7. Rosete                  | 14. Solrenningane |



Denne rapporten tek føre seg tiltak som underteikna har utført etter avtale med verneområdestyret. Tiltaka er vist på kartet.

Andre skjøtselstiltak blir gjennomført av grunneigarar, som i Sylvarnesdalen og ikkje minst i Finnen, der det er aktiv gardsdrift med geit. Ellers går det nokre tusen sau og 30-40 storfe i verneområdet i beitesesongen.

Dei enkelte prosjekta blir kort presentert i tekst/bilete og ei evt forhistorie. Bortsett frå Brydalen er alle avtalte prosjekt gjennomført. For nokre av dei kan eit framhald vera aktuelt å diskutera

1. Brydalen. Fjellstøl til Ortnevik, 580 moh. Sterk attgroing med sprake på mest sentrale selbøen. *Det vart ikkje tid til dette arbeidet i år.*



2. Bjørkestølen. Vår- og hauststøl for Ortnevik, 450 moh. Sentrale selbøen er sterkt truga av tilgroing av bjørkeskog og sprake. Det vart her rydda eit belte på sida mot Sognefjorden, og all sprake som var i etableringsfasen inne på selbøen.



*Spraken har vakse seg stor og er dels begynt å fallere/rotvelta. Slike kratt gir godt grunnlag for meir bjørkeskog.*





*Her er det rydda ein grei kant inn mot den etablerte bjørkeskogen.*

### 3. Galden. Del av stølsvegen frå Alrek og Vetlesand til fjellstølen Vøvringen.



Frå øvre del av skogbeltet (650moh) opp til fjellet flatar noko ut (1100moh) er stølsvegen på 10-12 punkt tilrettelagt med alt frå små trapper på 2-3 trinn og opp til store murverk på fleire meter i høgde og lengde. Alt dette var naudsynt for å koma forbi med storfe og hest.

*Blå strek markerer heile stølsvegen frå Vetlesand/Alrek til Vøvringen. Gult parti er Kleivi der det vart restaurert 11 trapper i 2019. Raudt parti er Galden (eller Galdenovi) der no like mange punkt bør restaurerast. Desse er truleg ikkje vedlikehaldne på snart 100 år.*



*Her er store deler av muren alt rasa ut. Andre murar er på god veg.*

I Galden er dei ulike pkt registrert og blir vurdert for arbeidsmengde, som grunnlag for ein samla plan for eit evt restaureringsprosjekt.

4. Smørklepp/Fidnasselbøen. Vår- og hauststøl for Vollevik og Finnen. Dette er eigentleg to uavhengige stølar men selbøane er berre delt med eit mindre bekkefar. Desse vart rydda for skog og sprake i 2018-2020. Det var tenkt slått av evt nyrenningar i år. Ved nærare ettersyn synte det seg for tidleg. Det var omtrent ikkje nye renningar av lauvtre eller sprake. Kan venta 2 år til.



*Fidnasselbøen til v. Smørklepp med to sel, ei løe og eitt fjøs. Bygningane er dels i svært dårleg stand. Siste selet på Fidnasselbøen vart flytta til Dunevollen (!) tidleg på 1900-talet.*

5. Finnabotn. I Finnabotn er det to bruk og eit mindre hus med sjøveigande tomt. Det er dei siste 10 åra utført fleire større skjøtselstiltak her. I år er brua over Botnaelva ferdigstilt, stien frå tunet til Vetlehovden er rydda og sikringstiltaka i dei to mest luftige partia fornøya med kjetting framfor gamal linestreng. Det er rydda for nyrenningar i beltet kring sentrale innmarka, som vart rydda for skog i -22. Bosgropa i strandkanten er sletta og rydningsrøysa tilbakeført. Vetleflåten er rydda for gras og kratt med beitepussar. Det er rydda ikring og restaurert 4 styvingstre (1 alm, to askar og ei bjørk) langs vegen mellom Botnaelva og Ytreflåten. Storeflåten og Botnastølen er sjekka for nyrenningar etter skogrydding; begge desse kan venta med rydding eitt år. Det er utført noko slått (m/beitepussar) av innmark kring tunet som supplement til grunneigarane sin slått. Stølsvegen til Fagerdalen er rydda mellom anna etter eit snøskred i vinter. Her manglar framleis ein mindre del av opprinneleg trassè for at vegen skal vera komplett. Eit oppmura parti er også rasa ut og gjer passasje vanskeleg.





*Nye murar og ny bru.  
Botnaelva er jamt stor frå mai  
til oktober og vanskeleg å  
kryssa.*



*Bosgropa er no sletta og  
rydningsrøysa tilbakeført slik  
ho opprinneleg var.*



*Det går an å gå mellom Finnabotn og  
Finnen. No er «stien» frå tunet og ut på  
Vetlehovden rydda for skog og forsiktig  
merka med små vardar. I siste  
oppstigninga før toppen er dei gamle  
linestrengene no skifta ut med kjetting  
festa i ekspansjonsboltar.*







*I samarbeid med grunneigarane vart det meste av innmarka kring tunet slege med beitepussar. Graset vart ikkje fjerna, men det blir arbeida med å finne ei løysing på den jobben også.*



*Vetleflåten vart slegen med beitepussar og kantklyppar. Både her og på innmarka ellers har det lett for å renne opp nye lauvtre. Intens og regelmessig slått vil over tid redusera dette kraftig.*



*Botnastølen held seg open med relativt lite oppslag av lauvtre i det rydda området.*



*Deler av Storeflåten kring husmannsplassen vart rydda for skog i 2021 og for nyrenningar i 2022. I år var det ikkje naudsynt med tiltak.*





*Ei ask og ei bjørk. Det er 57 år sidan tradisjonell jordbruksdrift opphøyrd i Finnabotn. Tilveksten i toppen på ei av askestuane var 61 år!*



6. Ytsestølen. Fjellstølen til bruka på Geithus, 580moh. Stølen vart rydda for sprake og skog i 2011-2013. Synfaring i år synte at det framleis ikkje er trong for skjøtselstiltak her.



7. Rosete. Mellomstøl for bruka på Nese, 770moh. Etter sølvbunke-rydding her i 2010 har det år om anna etterpå blitt fjerna tistlar. Dette blir gjort tidleg på sommaren medan tistelen framleis berre er ein rosett. Verknaden er god. Etter ryddinga er stølen blitt meir attraktiv for sauen.





8. Vatnane. Fjellstøl for dei bruka som stølte på Rosete, 900 moh. Her er god beiting av mykje sau. Likevel har spraken etablert seg nokre stader. Dette vart i år rydda.



9. Hest. Fjellstøl for nokre av bruka på Nese, 765moh. God beiting av sau her også. Likevel hadde spraken etablert seg svært godt på den mest sentrale selbøen. Dette vart rydda i 2022/23.



10. Negarstølen. Vår- og hauststøl for nokre bruk i Indrefjorden, 670moh. Her har det også i år blitt rydda tistlar tidleg på sommaren og noko seinare slege nyrenningar av or. Her var ei omfattande skogrydding i 2013/14 og det er no minkande oppslag av nyrenningar.



*Med eigenutvikla redskap blir tistelrosetten effektivt fjerna. Viktig å få med vekstpunktet som ligg ned i bakken!*





11. Aoslii. Stølsvegen frå garden Åse til heimastølen Hidleren og vidare til Åsedalen. Stien er svært utsett for skog som legg seg over, steinsprang og utrasing, då stien stort sett går i ein jordbakke. I år er stien grundig rydda for skog og sjølve stilegemet er over ca 200m restaurert ved å grave ut gangbana på nytt.



12. Åsedalen. Fjellstøl for nokre av bruka på Åse i Indrefjorden, 860moh. Inntil 2019 var her beiting av sau og særleg storfê. Etter det har beitinga vore minimal. Det er gjort registreringar av vegetasjonsutviklinga også i år. Sølvbunken trivst svært godt her:



stråa er nær meteren høge og tuene når snart heilt i kvarandre. Det er slege noko med ljå kring eine selet.



13. Hallsetstølen. Fjellstøl for bruka på Hallsete, 800moh. Her er historikken lik som for Åsedalen, men sølvbunken har ikkje så gode vilkår. Likevel er det ei tydeleg endring i vegetasjonstilhøva sidan kyrne



forsvann herifrå. Stølen er synfart i år. Det er slege noko med ljà kring eitt sel og noko med plenklyppar kring eit anna.

14. Solrenningane. Fjellstøl for dei fleste bruka i Ortnevik, 665moh. Her har beitetrykket vore lågt i 15-20 år og er no nær 0. Eit tilbod om slått på stølen i år fann ikkje grobotn, men derimot har sølvbunken vakse seg svært kraftig. Det i seg sjølv held evt beitedyr i området vekke frå selbøen. Tuene når no på deler av området heilt saman og



det er tendensar til noko som liknar på myrdanning i den tette vegetasjonen. Noko liknande vart observert på fjellstølen Fitjebotn i 2009.

*I 2012 vart deler av selbøen slege med ryddesag. Graset/tuene vart ikkje fjerna.*